



"Observatør" Anita Miljeteig med måleglaset på verandaen heime på Friheim onsdag klokka 10. På dei to siste timane har det regna to nye millimeter. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Også Uskedalen tek del i EKSTREMVERVEKA, som er eit samarbeid med NRK. På skulen er lærar Åse Neson prosjektleiar, men heile skulen er engasjert. Ein førebels konklusjon som dei lokalkjende naturleg nok kan bekrefta er at det kjem mest nedbør øvst i dalen. Det stemte med observasjonane i går klokka

**åtte. Då hadde det regna ni millimeter på Friheim det siste døgeret Både på Ljosnes og i sentrum (utanfor rektors kontor) var måleresultatet seks millimeter.**

Det er Anita Miljeteig som har ansvaret for målingane på Friheim, medan ein heil stab på Ljosnes er engasjert: To blad Moen: Ann Lisbeth og Tone Helen og tre blad Legland: Are, Maria og Hilde. Lærar Odd Steinar Arnesen sender inn måleresultata på nettet kvar dag.

- Vi fann det naturleg å måle tre stader i bygda for å fanga opp variasjonane, som vi veit er der, seier Åse til uskedalen.no.

Målingane starta mandag og skal halda fram til og med søndag. Det hadde regna fire millimeter på Ljosnes, fem millimeter ved skulen og seks millimeter på Friheim dei siste 24 timane fram til mandag klokka åtte. Dei tilsvarende tala fram til tirsdag klokka åtte var fem millimeter for alle dei tre målestasjonane.

- Vi samanliknar også den faktiske nedbøren med vervasla. So langt har det ikkje stemt særleg godt, påpeikar Åse, som skriv ein ver-rapport for kvar dag.

Elles har elevane sett Newton-programmet som vart sendt sundag og dei er oppfordra om å fylgje godt med i NRK-dekninga fram gjennom veka. Det blir sendt mange programmer på radio, TV og Nett-TV som syner korleis veret og klimaet påverkar det daglege livet vårt.

Dette er ein nasjonal verdugnad - "Regnsjekken" – der både skular og einskildpersonar over heile landet måler nedbør og rapporterer inn måleresultata til miljolare.no. Forskarar på NILU (Norsk institutt for luftforskning) vil som tidlegare år koordinera arbeidet med ein samlerapport bygt på resultata frå skulane.

- Det er naturleg at det kjem mest nedbør her oppe, seier faren til "observatør" Anita, Kurt Eivind Miljeteig og minnar om nærleiken til Matre.

Der har dei noregsrekord i nedbør. Dei øvste delane av Uskedalen ligg nok også høgt, men det har aldri vore målt der.

Det kjem også oftare og meir snø på Friheim enn lenger nede i dalen.

- Men så er jo dette også den kaldaste plassen i Kvinnherad, seier Kurt Eivind og minnast kor beinkaldt det var då dei bygde det nye huset i 1986. Då var det 26 gradar og det er svært uvanleg på desse traktene.

Av Ola Matti Mathisen



Ikkje akkurat ekstremver i Uskedalen onsdag, men Nåso har gjømt seg..... (Foto: Ola Matti Mathisen).